

## Aktivitetsplan 2007

Dato	Arrangement	Komite
28. okt	Basar:	Styret
16. - 18. nov	Øvingshelg:	Idar/ styret
2. des	Julegrantening	Styret
16. des	Julekonsert	Styret
28. des	Juletefest	Tove/Reidunn/Ingunn
5. januar	Nyttårskonsert	Idar/Styret/Horn/Tromb./Baryton
18.- 20. januar	Øvingshelg NM	Eirik/ styret
1.- 3. februar	Øvingshelg NM	Eirik/ styret
7.- 10 februar	NM brass i Bergen	Eirik/ styret
18.- 20. april	Øvingshelg	Styret
19. april	Park-konsert Måløy	Styret
6.-8. juni	TPM helg	Styret/ komite
Vår/haust 2009	Langtur utenlands	Styret/ komite

## Har du noko lurt til basaren?

Så er det snart tid for basar igjen. Søndag 28. oktober arrangerer vi den tradisjonelle basaren til Torskangerpoll Musikklag i grendehuset i Vågsvåg.

Vil du støtte Torskangerpoll Musikklag med ein gevinst så ta kontakt med Tove Nerland mob.97530577



**På kryss og tvers med VG**

**Prøv VG-kryss Vannrett:**

1. På oppsiden
5. Studere
6. Forbindes med en hage

**Loddrett:**

1. Har en liten bil
2. Brukes i peisen
3. Øke
4. Nyvasket

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 9

14. årgang

Laussal: Gratis

oktober 2007

# Musikkbasar

## Søndag 28. oktober klokka 17.00 i

### Våge/Oppedal Grendehus

Det blir kafeteria, åresal, loddsal, tipping, over/under sju, lykkehjul, musikk og underholdning. Masse flotte gevinstar på bøkene.

**Underholdning ved**

**Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps.**

Møt opp til god gammaldags basarstemning på Våge-Oppedal grendehus søndag 22. oktober. Sjå plakat hos Oldeide og i plakat-kassene. Basaren begynner kl 17.00. Det er mange flotte gevinstar. Om nokon vil gje oss gevinstar gje beskjed til Tove på telefon 97530577, eller lever inn på basaren. Vi har mange kjekke basaraktivitetar.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Knallgod Torskangerpoll-reklame

Drøm-innslaget i NRK-programmet Norge Rundt i beste sendetid i den største riksdekkende



kanalen i Norge var fem minutt med knallgod reklame for Torskangerpoll Musikklag og distriktet vårt. Innslaget var flott, og det er mange som har sett og lagt merke til dette.

## Drøm-på nyttårskonsert

Styret og musikkutvalet har bestemt at drømkonserten



"Ut med havet" skal framførast i Samfunnshallen under nyttårskonserten lørdag 5. januar 2008. Forteljar Oddgeir Bruaset og dei to solistane blir med. Dirigent blir Idar Torskangerpoll.

I tillegg skal NM-stykket Kaleidoscope spelast.

- Det blir spennande å prøve å gjen-skape drøm-stemminga frå Torskangerpoll innandørs. Dette blir ikkje det same som ute, men vi trur også dette kan bli spesielt, seier

komponist og dirigent Idar Torskangerpoll.

## Det vart ikkje Våge i Bergen

Kultur-operatørane Øyvind og Ingunn har fått ei prinsesse.



Namnet på drøm-jenta vart rett nok ikkje Våge, men Anna. Ikkje noko dårleg alternativ. Vi gratulerer.

## Men ein ny Våge i Arendal

To andre kulturoperatørar, Britt Hilde Våge og Lars Bjørnar derimot har fått ein ny Våge. Jonatan blei fødd 11.



oktober. Han var 3000 g og 47 cm, sunn, frisk og interresert i korpsmusikk.

## Opna ny veg

Laurdag 20. oktober spelte Torskanger-poll Musikklag under opninga av den nye vegen mellom Måløy og Raudeberg. Korpset marsjerte og var med på ein minikoncert på Raudeberg laurdag i middagstida.

## Mange fine turgevinstar

På basaren blir det mange fine turgevinstar i år. Ikkje akkurat med denne bilen, men med buss og ferjer.



Det blir til ferjetur til Danmark og England og tur til Bergen og Oslo. Ikkje verst

## Står i Brann

Under drømkonserten på lekteren, så var det ikkje muleg å ta feil av kva som er Eirik Gjerdevik sitt lag. Hans hjarta står nok i Brann i desse




dagar.

## Spelte i Måløy

Laurdag 6. oktober spelte Torskangerpoll Musikklag i Måløy sentrum i samband med at Måløy Handelsforeining var 100 år. Korpset marsjerte i gata og fekk mykje skryt for fin marsjering og god speling.

## Kjerringråd mot uråd: Skjelettet



- Skjelettet er en person som viser sitt indre, mens det ytre er blitt borte.
- Hvis man ikke hadde knokler, ville man bli helt flat og like bløt som en snegle eller en softis.
- For å få en benbygning må man unngå gale stillinger.
- De skader som knoklene kan utsettes for er forstuing, vridning og brekkning.
- Hvis man har brukket noe, skal man dyppe det i kaldt vann for da vil det vokse sammen igjen med en gang.
- Hvis ikke får man hente en lege, og hvis han ikke kan se noe galt, må man hente en ny lege, men det blir dyrere.